



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Statsråden

Kinn kommune
Postboks 294
6701 MÅLØY

Dykkar ref

Vår ref

Dato

22/930-119

16. mai 2022

Om utgreiing om deling av Kinn kommune

Eg viser til brev frå Statsforvaltaren i Vestland 8. mars 2022 med oversending av kommunestyresak frå Kinn 003/22 *ei eventuell kommunedeling, presisering av vedtak*. Kinn kommunestyre vedtok 10. februar 2022 å søke om utgreiing av deling av Kinn kommune etter inndelingslova § 8 andre ledd. I oversendinga til departementet gav statsforvaltaren ei tilråding om at Kommunal- og distriktsdepartementet avgjer at det etter inndelingslova skal setjast i gang ei utgreiing av initiativet til Kinn kommunestyre etter vedtaket i sak 003/22. Det er departementet som avgjer om ei utgreiing skal gjerast på bakgrunn av eit initiativ om deling, jf. inndelingslova § 9 første ledd.

På bakgrunn av vedtaket i Kinn kommune har eg i dag sendt brev der eg ber Statsforvaltaren i Vestland om å greie ut konsekvensane av ei deling av Kinn kommune, etter kommunegrensa til dei tidlegare kommunane Flora og Vågsøy. Området Bryggja i tidlegare Vågsøy kommune, som frå 1. januar 2020 blei grensejustert til Stad kommune, er ikkje del av oppdraget.

Statsforvaltaren har fått frist til 5. august 2022 med å ferdigstille og oversende til Kinn kommune eit kunnskapsgrunnlag om konsekvensar av ei deling av kommunen.

Kommunestyret i Kinn kommune skal få uttale seg i saka, jf. inndelingslova § 9 fjerde ledd. Kommunen vurderer sjølv om den vil innhente synspunkt frå innbyggjarane på forslaget om deling, og kva høyringsmetode som eventuelt skal nyttast, jf. inndelingslova § 10. Utgangspunktet i lova er at innbyggjarane bør høyrast. Dersom Kinn kommune ønskjer at ei eventuell deling skal kunne bli vedtatt i tide til at dei to nye kommunane kan tre i kraft frå 1. januar 2024, må kommunestyret handsame delingsspørsmålet seinast 1. september 2022. Statsforvaltaren skal deretter sende si utgreiing med tilråding til departementet seinast 5.

september. Dersom kommunestyret ønskjer meir tid til å handsame saka, vil det ikkje vere mogleg å gjennomføre ei eventuell deling frå 1.1.2024.

For å få til ei eventuell deling frå 1.1.2024, er det naudsynt at Kinn kommune blir delt etter kommunegrensene til dei tidlegare kommunane Flora og Vågsøy. I tillegg er det naudsynt at kommunestyret treffer vedtak om namn på dei nye kommunane samtidig som det tek stilling til delinga. Dette av omsyn til dei tekniske førebuingane som må vere på plass fram mot valet hausten 2023.

Eg gjer merksam på at dersom Kinn kommune vedtar at ein ønskjer deling med iverksetting av nye kommunar frå 1. januar 2024, vil det bli svært kort tid til å førebu og gjennomføre delinga. Mellom anna vil det vere lite tid til politiske og administrative førebuingar knytt til opprettinga av nye einingar. Det blir difor naudsynt med tett dialog med departementet.

Med helsing



Sigbjørn Gjelsvik

Kopi

Statsforvaltaren i Vestland